



Arkivnr: 2014/17239-8
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		16.01.2019
Fylkesutvalet		

Bompengar for nullutsleppskøyretøy - Takstklasse 2

Samandrag

I oktober 2018 gjorde fylkesutvalet vedtak om at det skulle leggjast til grunn 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland. Etter at saka vart fremja, kom det fram at Statens Vegvesen er pålagt å legge til grunn 0 pst. bompengar for tunge nullutsleppskøyretøy (takstklasse 2) dersom det ikkje er gjort særskild lokalpolitiske vedtak om at også tunge nullutsleppskøyretøy skal ha bompengar.

I denne saka blir det foreslått at det vert lagt til grunn 50 % bompengetakst og for nullutsleppskøyretøy i klasse 2.

Økonomi: Førebels har det lita eller ingen betydning for økonomien i bompengeprojekt, men med fleire store nullutsleppskøyretøy vil det kunne få ei viss betydning.

Klima: Vil kunne gjere det både litt mindre attraktivt å køyre bil, og på ei anna side litt mindre attraktivt å ha elbli i klasse 2. Totaleffekt er usikkert.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet legg til grunn at tunge nullutsleppskøyretøy skal ha 50 % av bompengetakst for alle bompengeprojekt- og pakkar i Hordaland.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.11.2018

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 25/10-2018 i sak om Bompengar for nullutsleppskøyretøy (sak 254/18):

Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.

Etter at saka vart fremja, vart fylkeskommunen gjort merksam på at Statens Vegvesen er pålagt å leggje til grunn 0 pst. bompengar for tunge nullutsleppskøyretøy (takstklasse 2) dersom det ikkje er gjort særskild lokalpolitiske vedtak om at også tunge nullutsleppskøyretøy skal ha bompengar.

Skal vedtaka vere gyldige, må òg dei aktuelle kommunane gjere vedtak om at òg takstklasse 2 skal ha bompengar for nullutsleppskøyretøy. Aktuelle kommunar har gjort slike vedtak på skrivande tidspunkt i følgjande bompengeprojekt og –pakkar:

- Miljøløftet Bergen
- Bømlopakken
- Askøypakken
- Austevollbrua

Statens Vegvesen har sendt ut brev for dei øvrige bomprosjekta i fylket om at det må gjerast eigne vedtak for takstklasse 2 om ein ønskjer dette. Fylkesrådmannen har skrive brev til dei same kommunane og gjort merksam på at denne saka vert fremja med framlegg om bompengar for nullutsleppskøyretøy i klasse 2.

Førebels har dette lita praktisk betydning, då det fram til no ikkje er mange tunge nullutsleppskøyretøy i Noreg. Men i løpet av kort tid kjem det truleg tunge køyretøy på marknaden både med hydrogen og med batteri, slik at det etter fylkesrådmannen si vurdering er rett å vurdere bompengar for desse køyretøya no.

Staten gir i dag stimulans for nullutsleppskøyretøy gjennom at det ikkje er eingongsavgift for nullutsleppskøyretøy, inga mva ved kjøp, halv firmabilbeskattning og lågare årsavgift. Det vil framleis òg vere rimelegare med bompengar enn for konvensjonelle køyretøy. Halv takst bidreg og til å stimulere til kjøp og bruk av nullutsleppskøyretøy. Det er difor gode stimuleringsordningar for å velje nullutsleppskøyretøy. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at også tunge nullutsleppskøyretøy bidreg inn i finansiering av bompengeprojekt- og pakkar, og rår fylkesutvalet til å gjere prinsippvedtak om dette.